

Fjågesund Posten

Nr. 1 mars 2013



Knarren Rundt 2013

IL Tørn og Fjågesund IL inviterer til turrennet Knarren rundt skjærtorsdag 28. mars 2013.

På Fjågesundheia ved fylkesveien mellom Grova og Fjågesund



I år med pengepremier 5000,- 3000,- og 2000,- for de tre beste damene og de tre beste herrene.

I tillegg 3000,- for løyperekord i begge klasser

Nytt av året

Miniknarren med fellesstart, klassisk for

11- og 12-åringene

Løypelengde 2,7 km

Start klokka 12.00

Påmelding 80 kroner

Mosjonsklasse

Påmelding fra 0900 - 1200

Premiering etter loddtrekning

Knarren Rundt er en påsketradisjon for mange og vi ønsker gamle og nye deltakere velkommen til en hyggelig dag på Fjågesundheia.

Fellesstart kl 1300

Klassisk stil

Løypelengde: 11,5km

13 år og oppover

Startkont. 170,- (pluss evt. lisens)

Full premiering (så langt lageret rekker, og det rekker langt)

Påmelding:

Forhåndspåmelding

oghaugan@gmail.com

Eller på renndagen frem til kl. 1130

(husk å oppgi fødselsår ved påmelding)

Kiosksalg

Gudsteneste i Fjågesund kyrkje Skjærtorsdag 28. mars kl. 1800.

GOD PÅSKE!

BYGDEKVELD

Laurdag 6. april kl. 18.00 på grendehuset.

Ljosbildeframsyning / film frå Himalyafjella.

Sjå frå den spektakulære turen Tone Gravir og Leif Harald Bergseth hadde til majestetiske Manaslu i Nepal. Fjelltoppen ragar 8136 m.o.h., verdens 8. høgaste fjell.



Framsyninga varer ca. ein time.

- Salg av mat, kake, brus og kaffe.
- Loddsalg (bla to festivalbilletter)
- Fri inngang



Arr. Fjågesund IL.

KONSERT I FJÅGESUND KYRKJE

Suurøid med Anne Gravir Klykken

Torsdag 2. mai kl. 19.00.



Med utgangspunkt i gamle folketonar og melodiar frå Telemark har Suurøid utvikla sitt eige lydbilde. Her får gammalt, vakkert materiale ny drakt veva i landskapet mellom improvisasjon, jazz, vise- og folkemusikk. Uttrykket spenner frå det sarte og vare til det kraftige og suggererande. Spenninga ligg i kontrasten mellom dei tradisjonelle melodi-ane og moderne teknologi.

Besetninga i Suurøid består av to saxofonar, trommer og perkusjon, to mackar, song og visuell design, noko som gir ein utradisjonell og spennande totaloppleving med store variasjonar.



“M/S VICTORIA” har sin fyrste tur for sesongen 18. mai, og vi oppfordrar alle til å helse ho velkomen denne dagen! Det blir ein liten sam-
mankomst på Fjågesund bryggje. Meire info kjem seinare.

“M/S Henrik Ibsen” kjem 19. mai.

TELEMARKSYKLISTEN vert 25. mai.


NYHENDE FRÅ LAGA

Idrettslaget har hatt diverse aktivitetsskveldar på grendehuset, skiturar - også i fullmåne, og skikarusell gjennom vinteren. Oppmøtet har vore ymse så vi oppmodar alle i alle aldrar om å bruke tilboda vi har.

Mot våren og sommaren planlegg vi diverse gå - sykkelturar, korte og lange, idrettsmerketaking og ein felles busstur til Ravnjuv og Eidsborg (Vest Telemark Museum. Meire info kjem seinare.

Vi håpar at mange vil støtte idrettslaget med å vere medlem, det styrkar laget ved søknad om kulturmidlar og andre tilskot. Medlemstalet veg tungt, og pr. i dag har laget 20 medlemmar.

I ljosløypa og på Hyvre ligg det bøkar som ein kan skrive navnet sitt i. Premietrekning på 17 mai.



17 mars hadde vi besøk av Ingebjørg Harman Bratland og Odd Nordstoga med konserten "Heimafra" på Grendehuset. Det var lagt ut 100 billetter pr. konsert og her blei det to fulle hus!

Ei oppussing av Grendehuset er under planlegging, det som er tenkt gjort i fyrste omgang er utskifting av himling/takplater som er skadde. Og nytt golvbelegg i gang og kjellar. Det er også ynskje om innkjøp av ny og meire effektiv oppvaskmaskin til kjøkkenet.

Grendehuslaget skal arrangere 17. mai feiring i år. Tidlegare har det vore idrettslaget som har stått for dette, men nå skal det gå på omgang mellom Idrettslaget, Grendehuslaget og Velforeninga.

Sjå også heimesida til Fjågesund på:
fjaagesund.no